

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Svolvær.

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Eikre.

Gard:

(adresse): Svolvær.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Snekker J. Kaasbøll har gjeve dei fleste opplysingane, men eg har spurt fleire, alle over 80 år.

SVAR

1. Bryne for grovare egg, t.d. øks, ljå.

Hein for finare egg, verktøy. Ofte blir brynet brukt først, og heina etter.

Her segjer ein: Å bryne, sjeldnare å heine, men ljåen kveter (kvetter) ein. Å kvette brukar dei oftare enn å bryne.

2. Før i tida fekk ein her bryner frå Nordtrøndelag og heiner frå Sørvaranger.

Her fins ikkje brukbar brynestein i Lofoten, segjer kyndige folk.

No brukar dei både naturstein og kunstige bryner, t. d. Karborundum

3. Mest alle slag eggjarn blir slipt på rund slipestein. Etterpå tek ein roa bort med ei fin hein.

Mellom kvar sliping kan reidskapet (verktøyet) bli brynt både ein og fleire gonger, stundom med og stundom utan å heine etterpå.

Høveltenner, barberknivar og enkelte andre finare eggjarn, blir no som før ofte slipt på ei liggande hein som stadig blir fukta med vatn.

4. Ingen veit om at ljåen har vore "tynnt fram". Uttrykk som: "Tynsløjå" eller "tynning" er heilt ukjende.

Sliping av ljåen på rund stein kom i bruk her før nokon no kan minnst. Ein mann på 87 år hadde aldri høyrte om liggande, flat slipestein. Ein 83 åring derimot hadde høyrte om han, men aldri sett han i bruk.

5. Sjå pkt 3. og 4.

Ved slått i utmarka kunde ein stundom ta slipesteinen med ut på marka, men det vanlege var (og er) at han stod på garden.

6. Det vanlege var at ein slipte ved kvart mål. Uøvde sliparar kunde kanskje stundom sløyfe ei sliping.

7. Bryne av tre (brynestikke) er heilt ukjend.

8. Ljåen sit på orvet når dei slipar. Når ein ljå er "lagt i orvet", sit han der til han er utsliten eller på annar måte gjort ubrukbar.

Sliper dei ein laus ljå, halde dei egga mot seg.

9. Langljåen bryner (kvetter) dei soleis: Orvpiken i marka, venstre arm over bakken på ljåen, venstre hand

2

stør ljàen ved eit grep ovanfrå, og so bryner ein med høgre handa b e sidene samstundes, *med eit elv  to drag p  kv a side.* Sm lj en (stutturvet) er detingen fast regel for   bryne. Det vanlege var vel   bryne ei side om gongen. No brukar ein sv rt sjeldan sm lj . Sigd, som vart brukt til   skjera gras med, vart brynt som ein kniv.

10. Brynet bar ein i "brynbyra" eller "strompen" (ei brye ein stromp). Den var oftast laga av heilt tre med ei stropp i som ein smetta inn p  beltereima. Den hang p  sida, ikkje bak eller framme.

Sv rt mange hadde ikkje brynbyra p  seg. Dei hadde ein eller annan kopp som det gjekk an   ha vatn i. Den stod p  marka og vart f ytta etter kvart som ein slo.

11. Okse- eller kuhorn til brynbyra er heilt ukend

12. Sj  pkt. 10.

13. Det er heilt ukjend her   bruke noko annat enn vatn p  brynet. Olje kan stundom bli brukt p  fine heiner til s rleg fint verkt y (barberkniv). Alle bryner fuktes

14. Ein har ikkje noko namn p  mj let som kjem fram n r ein bryner.

15. Ingen har h yrt at dette mj let har vore brukt som medisin eller lekjemiddel.

16. Sj  pkt. 15.

17. I gamall tid la dei brynet i jorda, der det skulde ligge eit  r, f r det vart tatt i bruk. Det skulde d  bli betre.

  legge det i maurtuve er ukjend.

18. "Tvi"! sa dei, n r dei sputta p  brynet. Ein og annan gap kunde segja noko meir, men meldaren vilde ikkje ta det opp att, fordi det var so lite pent.

20. F r i tida song folk ofte til sliping og bryning, og til annat arbeid og, men ikkje nokon bestemte songar. Dei song det dei kunde.

18. At brynet tala, veit ingen   ha h yrt.